

M A I 1945

Fienden fallen, fridom og fred
atter her rår i landet.
Me lenge hev venta det skulle skje
me løyst var for trellebandet.

Me lenge vil minnast ein maidag,
so fagert og gjevt eit minne.
I andakt me heiste vårt frie flagg
mens tårene rann på kinnet.

Vonde dei var, dei år som gjekk,
fienden herja og øydde.
Noreg, vårt land, for kvart sår du fekk,
det var som vårt hjarta blødde.

Fredelege grender, byar og hus
fienden herja og brende.
Lukkelege heimar vart lagt i grus,
i døden gjekk kjære og kjende.

I døden for fridom, land og folk,
for at landet det skulle leve,
for å fria vårt folk frå svipa og svolk
dei hugheilt sitt liv har gjeve.

Fåfengt, det var kje, me veit det no
det blod som i kampen har runne.
No råder her atter rettferd og ro,
me atter vår fridom har vunne.

So takkar me han som styrer alt,
som fridom og fred kan gjeve.
Han signe og minnet til dei som fall,
me veit det vil lenge leve.

+++++++

Skrive til 17. maifesten i Uskedalen
1945 og lese av Lars P. Haugland.

Det er utruleg kva som dukkar opp av historisk stoff, skriv Olaf Agnar Gausvik til oss. Han legg ved eit dikt som Wilhelm Bjelland skreiv til 17. maifesten i Helgheim i 1945. Det vart lese opp av Lars P.

Haugland og over er originalen som er å finna i eit lite hefte der han samla det han tykte best om av det han hadde skrive: Klikk på teksten såvert han lettare å lesa:

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen